

Klage på vedtak om godkjenning av reguleringsplan for Fonnebost småbåthamn, gnr 106/12 mfl.

Me driv eit heiltids mjølkebruk på naboeigedommen til planområdet. Jorda er fordelt på teigar frå Fonnebostsjøen og opp til bussgarasjen på Fonnebost.

Bruket vårt ligg i omsynssona for landbruk der kommuneplanen fastslår at interesser knytt til landbruk skal ha særskild vern innanfor sona. Me har i merknadar peika på at tiltak i planen trugar mjølkeproduksjon og fulltidsdrift på garden, sær med tanke på auka trafikk, men og utfordringa med lukt og støy. Dette er også skissert i kommuneplanen si planskildring, der ein vil unngå auka press på dyrka areal. Me meiner at omsynet til landbruksinteresser ikkje er tilstrekkeleg ivareteke, og at konsekvensane for landbruket ikkje er godt nok utgreidd.

Som svar på merknadar om landbruksinteresser og kulturlandskap ser me at det gjentekne gonger vert vist til vurderingar gjort i samband med kommuneplanarbeidet. Me kan ikkje finne nokon konkrete landbruksfaglege vurderingar knytt til denne utbygginga og våre problemstillingar.

Når det gjeld tiltaka utbyggjar og kommunen foreslår med skilting og utvidning av veg i planområdet er dette til lita eller inga hjelp for drifta vår, då me ikkje jagar dyr den vegen i det heile. Me meiner bestemt at desse enkle tiltaka ikkje er å ta "særlege omsyn til landbruk" som ein skal gjere i omsynssoner. Me må òg få understreke at sjølv om planområdet ligg utanfor omsynssona, vil planane føre til stor trafikkauke og ulemper for landbruket som ligg innanfor omsynssona då all trafikk må gjennom denne sona først.

I høve trafikktryggleiken kan me ikkje sjå at kommunen har teke nok omsyn i planarbeidet til mjuke trafikantar som bur og ferdast langs fv. 400 frå Lindås til Fonnebostsjøen (3,5 km). Borna som bur langs denne vegen har ikkje rett på skuleskyss. Me stiller oss strekt kritisk til at kommunen kan gå vekk i frå kommuneplanens rekkefølgekrav om trafiksikringstiltak utan ei reell utgreiing av konsekvensane ei slik utbygging vil få for trafikken og dei mjuke trafikantane.

Me vil nytte høvet til å rette på noko av feilinformasjonen tiltakshavar har gjeve i saka. Tidligare gjekk me og ein nabo (Jarle Fanebust) saman om å få til eit friluftsområde/ badestrand på eigedommane våre ved Fonnebostsjøen. Tiltaket vart gjort saman med og etter råd frå Bergen og omland friluftsråd (BOF). Me fekk laga ein kombinert skogsveg/veg til badestrand og parkeringsplass. Tiltakshavar for aktuell utbygging skriv i ein epost til kommunen datert 28.09.13 at:..."*må og få nemne at Rødland som grunneigar opna for betydeleg trafikkauke ved å leige ut areal til friluftsområde på Nautevågen. Positivt i mine auge, og merkeleg nok ikkje til hinder for gardsdrifta sjølv om trafikken går gjennom same område*". Dette er ei heilt feil framstilling. Me gjorde dette tiltaket for å avhjelpe trafikksituasjonen. Trafikksituasjonen og parkeringa langs den smale Fonnebostvegen var håplaus på varme sommardagar. Det vart inga trafikkauke av tiltaket, men det vart orden på parkeringskaoset og stengde vegar.

Avslutningsvis kan me ikkje unngå å stille spørsmål ved kommunen sin habilitet i handteringa av denne saka, grunna tiltakshavar si stilling i landbruksavdelinga i Lindås kommune.

På bakgrunn av momenta i denne klagen vil me be om at kommunen gjer om vedtaket til ikkje godkjend.

Magne Rødland og Solveig Vabø (gnr 106 bnr 17)
Marius og Siv-Marit Rødland

Fonnebost 22/10 2014